



## Notat

**Dato**

LEIKANGER, 26.04.2016

**Frå:** NKA ved Lena Merete Søderholm

**Til:** Hovudutval for næring og kultur

### Opplæringsfartøyet og arbeidet med Verdiskapingsplanen

Notatet gjev bakgrunn for korleis arbeidet med erstatning av dagens opplæringsfartøy (MS Skulebas) til ein viss grad også involverer nærings- og kulturavdelinga. Det er under iverksettinga av Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane – Sjømatnæringane at vårt arbeid må sjåast i samanheng med Opplæringsavdelinga og deira hovudutval sitt kompetanseområde.

#### 1 MS Skulebas og Verdiskapingsplanen

I Verdiskapingsplanen er «*Rekruttering og kompetanseheving i Sjømatnæringane*» eit av programma som skal gjennomførast. I førebuingane til programmet<sup>1</sup> kom det fram at marine fagvegar i vidaregåande opplæring må gjerast meir attraktiv for å få opp sokjartala ved Måløy vidaregåande skule (Mvgs). Eitt av fleire tiltak det vart peika på var å bidra til at skulen får ein oppdatert båt som kan nyttast i undervisninga.

Under hovudmål 2: *Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft* i Verdiskapingsplanen står følgjande delmål:

- 2.1: Utvikle ei attraktiv fagutdanning i vidaregåande opplæring retta inn mot verdikjedene i sjømatnæringane
- 2.2: Styrkje rekrutteringa til fiskeflåten

To tema er løfta fram for gjennomføring i årsplanen for 2015, og det var sett av kr. 230 000 til dette:

##### 1. Etablere ein undervisningskonsesjon

*Førebu arbeidet med ein søknad om undervisningskonsesjon for matfisk (laks og aure). I notatet frå «arbeidsgruppa for Sjømatnæringar» er det peika på trangen for ny og oppdatert skulebåt for å gjere studiet oppdatert i høve til dagens teknologi og utfordringar. Og ikkje minst for å gjere utdanningsvegen attraktiv for ungdom. Dagens opplæringsfartøy «Skulebas» har gjennom fleire år vore vurdert å ha høge driftskostnadjar. Dårlegare økonomi hjå fylkeskommunen gjer at vi også må opne for å sjå etter andre løysingar. I Sør-Trøndelag nyttast overskot frå undervisningskonsesjonen til å kjøpe og drife nytt skuleskip.*

##### 2. Vurdere aktualitet og finansieringa av nytt opplæringsfartøy for vidaregåande skule.

*Starte arbeidet med vurdering av nytt opplæringsfartøy ved Måløy vidaregåande skule. Kan element av modellen frå Sør-Trøndelag fylkeskommune der inntekter frå undervisningskonsesjonen nyttast i vårt fylke?*

<sup>1</sup> S. 15 i Innspel til verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane fram mot 2015 – Sjømatnæringane (januar 2014)

Korleis kan vi utvikle samarbeidet med næringsaktørar i dette arbeidet og korleis kan vi kople utdanninga tettare mot FoU miljø?

## **2 Arbeidet med å søkje undervisningskonsesjon**

Det vart organisert eit prosjekt med tilsette frå NKA og Måøy vgs med å få på plass ein undervisningskonsesjon. Ein hadde som mål å sende ein søknad til Fiskeridirektoratet i 2015, ei tidsramme det synte seg umogleg å greie. I april 2016 godkjende HNK intensjonsavtala med Marine Harvest Norway AS, og søknad skal sendast frå oss innan mai månad.

Det er uvisst kva tid vi får svar på søknaden, og om oppdrettar kan ta i bruk konsesjonen allereie i haust. Dette avgjer når første innbetaling av leige kan finne stad.

## **3 Marint rekrutterings- og kompetansefond (MAREKO)**

Intensjonsavtala med Marine Harvest Norway AS føresett at alle leigeinntekter frå konsesjonen vert sett inn på eit nyopprettet fond som skal nyttast til rekruttering og kompetanseheving i sjømatnæringane. Vedtekter for fondet må handsamast politisk, men utkast til vedtektena ligg som vedlegg til intensjonsavtala. I utkastet står følgjande om MS Skulebas:

«Fondet skal ikkje nyttast til ordinær drift eller til å finansiere tiltak, stillinger eller oppgåver som skulen eller fylkeskommunen ikkje gjennomfører grunna innsparinger eller som høyrer til eller bør høyre til innan ordinær drift. Fondet kan likevel finansiere element ved båten som bidreg til at denne også kan nyttast til opplæring innan akvakultur ved Måløy vidaregåande skule og til gode for oppdrettsnæringa og/eller rekruttering til denne.»

Vidare står det lenger ut i vedtektena i kap. 7, under døme på disponering av midlane i fondet:

- *Delfinansiering av nytt opplæringsfartøy om dette vert utforma slik at det kan nyttast til opplæring på Vg1 Naturbruksfag, Vg2 Akvakultur, TAF Akvakultur (YSK) og kurs/vidareutdanning for oppdrettsnæringa*

## **4 Forprosjekt for prosjektering og kostnadsbereking av nytt opplæringsfartøy**

I Finansutvalet sitt møte den 2. mars 2016 vart det teke inn eit tillegg i pkt. 2.2.:

«*Opplæringsfartøyet «Skulebas» må gjennomføre ei ny klassing i 2019 som er kostnadskrevjande. I verdiskapingsplanen er det sett av ei avklaring nytt til vidare drift av «Skulebas» eller eit nytt opplæringsfartøy til 2018. Ein må derfor få ei avklaring på kr. 200 000,- i prosjektmidlar slik at ein kan få prosjektet og kostnadsberekena eit nytt fartøy. Utval for næring og kultur må få fortløpende oppdatering i prosessen.»*

## **5 Vurderingar**

MS Skulebas er i utgangspunktet eit infrastrukturtiltak kopla opp til undervisninga ved Måløy vidaregåande skule (MVGS) og ligg slik under kompetanseområdet til Hovudutval for opplæring. Opplæringsfartøy AS er eigd 77 % av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og dei andre eigarpostane er spreidd på fleire aktørar med mindre aksjeposter.

Med bakgrunn i årsplanen 2015 legg vi til grunn at vi kan bidra med finansiering av eit forprosjekt som omtalt over. Vi har bede om ein fullstendig søknad, og hovudutval for næring og kultur vil i juni ta stilling til denne søknaden.

Gjennom MAREKO kan vi vidare bidra til delfinansiering av element ved ny skulebåt som bidreg til at dette fartøyet ikkje berre vert utrusta for å nyttast innan fiskeria, men at det også kan nyttast til opplæring innan akvakulturfaget.

Hovudfinansieringa til ny skulebåt må likevel kome frå anna kjelde. Skal vi samanlikne oss med modellen frå Sør-Trøndelag vart leigeavtala der inngått i 2011, og ingen fylke har seinare greidd å få tilnærningsvis like gunstige vilkår for inntekter frå tilsvarande avtaler om utleige av sine undervisningskonsesjonar. I fleire år har fondet i Sør-Trøndelag kunne sette inn 6-10 mill. kr. pr. år på kontoen. Vi vil gjennom vår avtale få avgrensa midlar inn til fondet (2- 5,75 mill./år, avhengig av marknadsutbytte). Desse midlane skal dekke ei rekke tiltak og aktivitetar innan rekruttering og kompetanseheving hjå næringsaktørane, og skulebåt vert eitt av fleire tiltak som fondsstyret må prioritera mellom.